



Korset og flagget høyrer naturleg saman, tykkjer Marianne Myklebust

Den første desemberdagen og første sundagen i advent var prega av julestemning både ute og inne i Uskedalen. 15-20 centimeter snø som også vart liggjande i 4 minusgrader kravde faktisk brøyteinnsats både her og der og fleire fekk adventpynten på plass både inne og ute. Kven blir forresten flinkaste julepyntaren utomhus dette året? I denne reportasjen er det ein som har slege an tonen, men blir han best? Vår stolte julegran fekk også eit dekorativt dryss og ljosa kom på plass allereie for eitpar dagar sidan. Men tenninga skjer ikkje før i slutten av denne veka og fleire har spurt oss om grunnen til det.



[Grano har fått naturleg julepynt, men skal ikkje tennast før til helga](#)

I Gamleskulen hadde Kristent Felleskap i Kvinnherad familiesamling med juleverkstad. Dette felleskapet, som har eksistert sidan 2005, er eit verkeleg felleskap ettersom det ikkje stengar nokon ute.



Julepynta bjørk mot mørk fjord

Det spenner frå Enes til Halsnøy og dei som er med møtes 4 gongar i månaden, med familiekveldar 3 kveldar og festsamling den fjerde. Møta går på omgang og Gamleskulen er ein sjølvstendig plass for festsamling når turen kjem til Uskedalen. Dei opplever rett nok at det veks best i stovene til folk.  
- Men Gamleskulen er ei perle, ein plass med atmosfære, var ein karakteristikk vi høyrde i dag.



Travel aktivitet i juleverkstaden

Nettverket er viktig for dei rundt 30 som er med. 20 av dei har i dag vore i Gamleskulen og dei kjem både frå Uskedalen, Herøysund, Rosendal, Husnes - og Eritrea. Den afrikanske nasjonen er representert ved Abel Samuel Eyob frå Asmara som har budd i Noreg i snart 3 år. På programmet i Gamleskulen har det stått både andakt, julegaveproduksjon og ribbeservering - ein riktig triveleg opptakt til høgtida.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Gjerdet mellom Rabben og SPAR har fått adventspynt